

# Årsmelding for kommunestyregruppa 2023

## Innledning

Kommunestyregruppa før valet:

- Pål Julius Skogholt, formannskapet, leiar i Oppvekstutvalet
- Adballa Mohammedali, Helse- og velferdsutvalet
- Åsne Høgetveit, formannskapet og Kommune- og byutviklingsutvalet
- Gunhild Johansen, leiar i Helse- og velferdsutvalet
- Maja Lockert, Kultur-, idrett- og friluftslivutvalget
- Sigrid B. Hammer, nestleiar i Miljø, klima og samferdselsutvalet
- Ingrid Hovda Lien, Kommune- og byutviklingsutvalet
- Matias Kjerstad, vara til kommunestyret og Miljø, klima og samferdselsutvalet

Vi vil gjerne takke Gunhild Johansen, Åsne Høgetveit og Ingrid Hovda Lien for innsatsen.

Kommunestyregruppa etter valet:

- Pål Julius Skogholt, formannskapet, leiar i Oppvekstutvalet
- Sigrid B. Hammer, varaordfører
- Line Solbakken, Helse- og velferdsutvalet
- Maja S. Lockert, Miljø-, idrett-, klima- og samfunnsutviklingsutvalet
- Abdalla Mohammedali, Miljø-, idrett-, klima- og samfunnsutviklingsutvalet
- Matias Kjerstad, nestleiar i Kommune- og byutviklingsutvalet
- Sara Ellen Gaup, 1. vara i kommunestyret og medlem i Oppvekstutvalet

Mange av varaene har møtt på ulike møter i løpet av året.

I perioden 2023-2027 får kommunestyregruppa eit gruppefrikjøp på 410 769,- kroner. Gruppa har enno ikkje bestemt bruken av dette. I avtalen med dei andre partia overfører SV eit 10% frikjøp til Raudts Hanne Steenvåg. Det tilsvarer 75 000,- kroner.

Eit 100 % frikjøp for andre enn ordfører og varaordfører er definert til å vere ei årsløn på 751 000,- kroner.

Desse er frikjøpt som konsekvens av posisjonar dei er valt til:

- Sigrid B. Hammer, 100% (varaordfører)
- Pål Julius Skogholt, 100% (formannskap og leiar for hovudutval)
- Matias Kjerstad, 30% (nestleiar i kommune- og byutviklingsutvalet)

I Tromsø SV betalar alle med folkevalde verv partiskatt, som er ein ordning for å utjamna forskjellar mellom tillits- og folkevalde og som sikrar inntekter til partiets arbeider.

## Informasjon og kommunikasjon med medlemmane

Kommunestyregruppa har rapportert fortløpande til medlemmane etter dei fleste kommunestyremøte i denne perioden. Gruppa har prøvd å hente inn innspel til sakene i

forkant av utvalsmøte og kommunestyremøte. Det er i hovudsak gjort gjennom å bruke facebookgruppa «Tromsø SV interndebatt».

Gruppa arbeidar framleis med å finne betre måtar å gje medlemmane innverknad på sakene som skal handsamast i folkevalde organ. Utfordringa er å finne måtar å gjere det på som er effektive både for medlemmane og for gruppa. I år har vi hatt innspelsmøte om budsjettet og om KPA. I tillegg spør kommunestyregruppa enkeltmedlemmer som gruppa kjenner til har en særleg interesse i ei sak og gruppa svarer på spørsmål og tar i mot innspel.

Det er gruppemøte annakvar måndag. I gruppemøta avgjer vi SVs haldning i saker som skal opp i kommunestyret og i utvalsmøta.

## Kommunikasjon med andre

Kommunestyregruppa og styret har faste samhandlingsmøter med Fagforbundet, og hyppige møter med Utdanningsforbundet. Gunhild Johansen hadde faste møter med fagforeningane som leiar i Helse- og velferdsutvalet.

## Nokre viktige saker dette året som gjekk

Det aller viktigaste vi har fått til i 2023 er at vi endeleg har fått ein underskriven byvekstavtale for Tromsø. I godt samarbeid med SVs stortingsgruppa klarte vi og å auke det statlege bidraget med 300 millionar kroner over ein ti års periode. Vi ser allereie gode resultat av det arbeidet som skjer i byvekstavtalen. Biltrafikken har gått ned, medan det har vore ein betydeleg auke i busspassasjerar, gåande og syklende. I statsbudsjettet fekk Tromsø SV også gjennomslag for finansiering av miljøovervåkingsprogrammet COAT.

Vi er veldig stolte av at vi har sett i gang med bygginga av ny ungdomsskole på Kvaløysletta. Endeleg investeringsbeslutning er gjort og bygginga av Kvaløysletta ungdomsskole er i gang. Men det skal skje meir på Kvaløysletta. I fjor godkjente vi og behovsmeldinga for det nye Bu- og velferdssenteret på Kvaløya. Det er framleis litt fram i tid, men prosessen er i god gang.

Storgata er det viktigaste felles byrommet i Tromsø. Gode felles og offentlege byrom er viktig for å lage ein open by som kan brukast av alle. Vi er derfor veldig glade for at Storgata blir oppdatert til ny standard der gata blir universelt tilgjengeleg og med ein arkitektur som tar høgde for ei våtare framtid.

Sydspissen med dagsenter for eldre, mange tilbod gjennom frivillige organisasjonar og ulike lågterskeltilbod vil skape eit sårt tiltrengt tilbod i Tromsø. Eit anna sårt tiltrengt tilbod er bustadene for brukarar i rus og psykiatri som blir bygd på Forsøket 5. Dette har tatt for lang tid, men vil no etter planane opne seinhausten 2024.

Det å klare å rekruttere og behalde tilsette er ei av dei aller største utfordringane for Tromsø kommune. I løpet av årets som gjekk har vi vedtatt fleire gode rekrutteringsplanar for Tromsø kommune. Utfordringa blir å klare å finansiere dette gjennom budsjetta framover. I budsjettet for 2024 fekk vi mellom anna til å finansiere delar av planen for barnevernstenesta.

Budsjettet er det aller viktigaste dokumentet kommunestyret behandlar i løpet av året. Budsjettet for 2024 er skjørt og det skal lite til før det blir underskott i 2024. Det er likevel eit budsjett der vi fekk til gode satsingar. Mellom anna ei satsing på sosiallærarar i barneskolen. Det er ei fin oppfølging av fjorårets satsing på miljøterapeutar i ungdomsskolen og SV sentralt sine gjennomslag for halv pris i SFO.

## Viktige saker i det komande året

Det blir mange viktige saker i året som kjem. Kommuneplanens arealdel skal vedtas i løpet av perioden etter å ha blitt lagt ut på høring i 2023. Dette er eit svært viktig dokument som legg dei juridiske føringane for arealbruken i Tromsø. Forslaget som ble lagt ut på høring har fått vesentlige innsigelser og merknadar fra statsforvaltaren med fleire og et stort arbeid gjenstår for komme i mål. I løpet av året vil administrasjonen be dei folkevalgte om å ta stilling til korleis planen vidare bør handsamast.

Lokalisering av ny Tromsdalen barneskole blir viktig. Det foregår no eit utgreiingsarbeid for å sjå på ulike alternativ. Valet står mellom dagens tomt, Tønnebstomta (ved siden av TUIL-arena) og Krøkebærslatta (nedenfor Tromstun ungdomsskole).

Planstrategien handlar om kva planar kommunen skal utarbeide i denne valperioden. Kommunen er i stor grad planstyrt, det ligg derfor mykje politikk i kva planar som blir utarbeidd.

Budsjettet neste haust blir som i alle år viktig for kva kommunen skal gjere. Som ein del av budsjettprosessen er også oppfølginga av vedtekne tiltak og sørge for at gjennomføringa blir god.

## Oppfølging av partiprogrammet

Førre årsmelding hadde ei systematisert gjennomgang av partiprogrammet med status for kva vi hadde fått til. Det kjem vi tilbake med for det nye programmet i årsmeldingane framover, men vi er ikkje komen i gang med den systematiske oppfølginga av partiprogrammet enno.

I løpet av året vil det bli systematisert slik at vi vil rapportere på dette til neste årsmøte. I Romssaerklæringa har vi fått gjennomslag for mange viktige saker for SV.

## Rekneskapan til kommunestyregruppa

Inntekter	Rekneskap 2023	Budsjett 2023
Gruppefrikjøp	kr 90 428,64	90 000,00 kr
Arbeidet i kommunestyregruppa	kr -	0,00 kr
Renteinntekter	kr -	0,00 kr
Diverse inntekter	kr -	0,00 kr
<b>Inntekter</b>	<b>kr 90 428,64</b>	90 000,00 kr

Kostnader	Rekneskap 2023	Budsjett 2023
Reiser, møter etc	kr 39 938,39	50 000,00 kr
Utstyr	kr 15 843,00	20 000,00 kr
Avgifter/gebyrer, SNN	kr -	200,00 kr
Mat og sosialt for gruppa	kr 13 739,00	30 000,00 kr
Sosiale media	kr 9 210,07	25 000,00 kr
Kjøp av tenester	kr 24 740,00	30 000,00 kr

Diverse	kr	22 774,00	30 000,00 kr
Lån til partiet	kr	7 000,00	
Eigne møter	kr	-	20 000,00 kr
<b>Kostnader</b>	<b>kr</b>	<b>133 244,46</b>	205 200,00 kr

<b>Resultat</b>			
Inntekter	kr	90 428,64	90 000,00 kr
Kostnader	kr	133 244,46	205 200,00 kr
<b>Årets resultat</b>	<b>-kr</b>	<b>42 815,82</b>	0,00 kr

Egenkapital (konto og utestående)  
ved årets start + saldo balanse

### Egenkapital

<b>Egenkapital</b>	<b>kr</b>	<b>177 832,53</b>
--------------------	-----------	-------------------

Kontonavn	Startsaldo 1.1.23	Posterings i perioden			Disponibel sluttsaldo	
		Inn	Ut	Bevegelser		
Driftskonto		kr	185	kr	-kr	kr
SNN	205 967,35	834,28		220 969,10	35 134,82	170 832,53
Fordringer		kr	7			kr
		000,00				7 000,00
Gjeld	kr					
Offentlige avgifter	-kr					
	kr				-kr	kr
Egenkapital	205 967,35				35 134,82	<b>177 832,53</b>

## Vedtak

Årsmeldinga fra kommunestyregruppa godkjennes.